

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.12.21

Stad: Flåmsbrygga

Sak 36/21. Nye utleigeprisar for hytta i Håbergsholene

Saksopplysning/vurdering

Fjellstyret si hytte i Håbergsholene har vore utleigd i sommarsesongen sidan 2007. Dei som vil leiga hytta går inn på hyttesida på Inatur og ordnar med reservering av tidsrom og betaling der. Utleigesesongen varer normalt frå 15. juli til 30. september. Ved tidleg snøsmelting og open veg kan hytta takast i bruk tidlegare enn midten av juli, og ved fare for snøfall i slutten av september vert gjester tilrådde å flytta ned i Brubotnhytta.

Følgjande prisar gjeld (sist justerte i 2015):

- Vekedagane, søndag – fredag: kr. 750 per døger
- I helga, fredag – søndag: kr. 1000 per døger

Personar busette i Aurland kommune betalar 2/3 av desse prisane. Av praktiske grunnar må denne rabatten gjevast ved at dei får refundert frå fjellstyret 1/3 av den leiga dei har betalt inn til Inatur.

Hytta har to soverom, opphaldsrom/kjøken, gang og do (snurredass). Det er innlagt vatn og straum. Det er plass til 10-12 personar i hytta. Dei som leiger hytta får såleis mykje for pengane.

Det er stor rift om hytta i den tida som er opna for utleige. Prisane på hytteleiga ser ikkje ut til å ha verka inn på interessa. Ein sjekk på nettet syner at det her i distriktet er vanleg med døgnprisar på kring kr 1000 eller over dette for hytter av denne storleiken (sjå t.d. Østerbø og hyttene til Ulvik fjellstyre). Ein finn og døme på fjellhytter med prisar som ligg godt under dette. Eg meiner det er rett å justera utleigeprisane litt opp etter at dei har lege uendra i 7 sesongar.

Framlegg til vedtak:

Ny pris for leige av hytta i Håbergsholene vert følgjande:

- Kr. 900 pr. døger for vekedagane (søndag – fredag)
- Kr. 1200 pr. døger for helg (fredag – søndag)
-

Innanbygdsbuande leigetakarar får refundert 1/3 av innbetalt leige til Inatur ved å ta kontakt med fjellstyret og gje opp kontonummer, eller ved å booka hytta direkte frå fjellstyret.

Fjellstyrekontoret, den 2.12.21

Harald Skjerdal